

## 07 BLI MED Å STARTE EIT NÆRMILJØ- PROSJEKT

Frå Bømloundersøkinga kjem det fram at dei fleste meinar at det er viktig å jobba med å skapa fleire gode møtestader og serveringstilbod for å gjera Bømlo meir attraktivt.




manglar ein **fysisk møtestad?**

Ta kontakt med ditt nærmeste grendalag, folkehelsekoordinatoren eller næringsrådet i kommunen for hjelp og råd. Les meir om korleis du kan starte camp her:  
<https://camp.stedskaping.no/>



## 08 BLI EIN BØMLO INFLUENSER

Kor finn ein dei mest fantastiske stadane? Dei beste utsiktspunkta som gjer deg kjensla av å vere på toppen av verda? Kanskje har du alle svara! Knips dine mest dyrebare tips med andre stolte Bømlingar. Saman kan me lage ei rikare skattekiste av opplevingar på Bømlo, og hjelpe kvarandre med å utforske denne flotte staden til fulle!



#OpplevBømlo



## 09 BLI POLITISK ENGASJERT BIDRA TIL UTVIKLINGA AV BØMLO

Finn ut korleis du aktivt kan delta i kommunepolitikken ved å stemme i lokale val, delta på offentlege møter og engasjera deg i politiske spørsmål som påverkar Bømlo. Ditt politiske engasjement kan vere eit viktig bidrag til å forme framtidig vekst og utvikling på Bømlo.



# BLI MED PÅ Å GJERE BØMLO TIL NOREGS MEST ATTRAKTIVE STAD Å BU!



... men korleis skal me få det til?

Våren 2023 gjekk 37 bedrifter saman på Bømlo og spleisa på å laga ein tilflyttarstrategi. Ein strategi bygd på eit solid kunnskapsgrunnlag, som skal hjelpe oss å gjere dei rette tinga for å bli ein så attraktiv stad som mogeleg å bu, få fleire til å busetja seg her, og arbeida i bedriftene våre. Men me får det ikkje til aleine....



..kvar enkelt av oss har ei viktig rolle for å lukkast!

Finansiert av:

Advisjon

Amundsen Diving

Bluesystems

Bremnes Seashore

Bømlo Fiskerihavn

Bømlo Næringsråd

Bømlo Skipsservice

Bømmelfjord

Eidesvik Invest

Eidesvik Offshore

Embicon

Evik

Finnås Kraftlag

Fremskridt Laks

Fylkesnes Fisk

GAC

Haugesund

Sparebank

i4Factory

ilder

Langevåg Bygdatun

LEVA Urban Design

LOS Elektro

LOS Marine

Marine Manager

Martech Marine &

Industriservice

Masterloop

multiSAFE

Nora Invest AS

Olvondo Technology

Sparebanken Vest

Stiftelsen Espesvær

Assuranseforening

TESS

UNITECH Offshore

Wave Propulsion

Wärtsilä Norway

Zinus

# 01 VELKOMMEN TIL BØMLO

Me kan alle vere med på å gjere Bømlo til ein stad der kvar enkelt føler seg velkommen og heime. I Bømloundersøkinga svara omtrent 40% av tilflyttarane at det kan vere vanskeleg å bli kjend med folk på Bømlo. Dette resulterer blant anna i ei generell kjensle av mindre trivsel blant tilflyttarar i svara i undersøkinga.

**Invitér nye naboar på kaffi, eller berre sei hei med postkassa. Gje informasjon vidare om tilbod du kjenner til i nærmiljøet, som du trur kan treffe dei nytiflytta si interesse!**



# 02 HANDLE LOKALT PÅ BØMLO

Ved å handle lokalt bidrar du positivt til kommunen og lokalsamfunnet på fleire måtar. Når du handlar lokalt, styrkar du den lokale økonomien, skapar fleire arbeidsplassar og bevarer dei tilboda som allereie finnes. I tillegg kan det gje grobotn for at andre kan starte opp nye tilbod. Visste du for eksempel at du kan handle direkte frå bonden på fleire gardar på Bømlo?

Vil du vite meir om næringslivet på Bømlo? Besøk næringsrådets sin nettstad: [bomlonr.no](http://bomlonr.no)



# 04 FRAMSNAKK IKKJE BAKSNAKK

Nesten 30% av dei som deltok i Bømloundersøkinga opplever at det er mykje baksnakking og negativ omtale av andre. Slike haldningar kan ha skadelege verknader og kan føre til auke i konfliktar, därleg stemning og svekka relasjonar mellom folk.

*Kjekt å sjå kva  
de har fått til  
med turløyper på  
Langevåg*

*Ja, me er veldig  
glade. Og kjekt at  
de frå Bremnes  
kjem på besøk.  
Det er forresten  
veldig fint i  
Neseløypo òg.*

# 03 FORMIDLE BØMLO SI HISTORIE

Har du særleg kunnskap eller interesse for historia til Bømlo? Kanskje sit du på ein skatt av informasjon eller kunnskap om viktige tradisjonar, gammalt handverk eller gamle hus, eller kjenner du gåtefulle historiar som kan vera spanande for andre å høre?

Del din lokale ekspertise med andre ved å bli ein lokal historieforteljar.



**Ta kontakt med  
Folkehelsekoordinator som kan  
setje deg i kontakt med rett  
lag/organisasjon der du kan utvikle  
deg som lokal historieforteljar**

# 05 SAMAN FOR EIT STØRRE MANGFALD I FRITIDSTILBOD

Frå Bømloundersøkinga kjem det fram at éin av fire ikkje er heilt nøgde med fritidstilbodet for born, unge og vaksne på Bømlo. Har du ein hobby eller ei interesse du brenn for, men som ikkje finnes tilbod for på Bømlo? Kva med å starte opp di eiga gruppe eller lag og dele din lidenskap med andre?

**Sjekk ut [aktivitetforalle.no](http://aktivitetforalle.no)  
Finnes ikkje di interesse der?  
Fortvil ikkje, registrer  
ditt forslag då vel!**



# 06 SAMKØYRING

Frå Bømloundersøkinga er det fleire som peikar på at det er därleg kollektivdekning i kommunen. For ungdom og dei utan bil er det viktig med god tilgjengeleghet mellom tilboda i kommunen. Neste gong du kører til jobb, fritidstilbod eller noko anna, tenk gjennom om du har plass til fleire som skal same veg. Meir samkøyring kan redusere biltrafikken på Bømlo, på same tid som fleire får kome seg til tilbod dei ynskjer å besøkje.

